



Frå framsida av boka Skaperglede som medisin - Auds livsvandring i 60 år.

**Kunstboka Skaperglede som medisin er klar for sal. Boka fortel om den allsidige kunstnaren Aud Sørheim Myklebust si livsvandring i 60 år. Aud og mannen, Arne Myklebust, har feriebusstad i Uskedalen og mange av motiva i boka er henta frå Myklebust og Uskedalen. Biletveven hennar i Bårehuset ved kyrkja er med i kunstboka.**

Aud Sørheim Myklebust ( 1935 ) er fødd og oppvaksen i Fana i Bergen. Familien bur i eit stort og vakkert hus ved Nordåsvatnet. Uskedalen.no har vitja Aud og kunstnarheimen og vi fekk sjå og oppleve Aud som ein allsidig kunstnar med ein stor produksjon over mange år.



[Aud Sørheim Myklebust ved veven i stova på Nordås i Fana.](#)

Boka har undertittelen Auds livsvandring i 60 år. Ho har nemleg kjempa mot kreftsjukdom i 40 år. Kunsten og skapargleda har gitt henne krefter og fungert som medisin. Ho debuterte alt i 1978 og har sidan hatt ei rekkje utstillingar. Aud Sørheim Myklebut har hatt mange oppdrag og kunstverka finn vi som utsmykking i kyrkjer, bedehus og i offentlege bygg. Biletveven Jeg er verdens lys frå 2006 heng i båret i Uskedalen.

Boka er skriven av Halvard Skårdal, saman med kona Kari Sørheim Skårdal. Åge Magne Nerhus har vore redaktør i skriftnemnda. Det ligg eit stort og solid arbeid bak ei kunstbok på heile 168 sider. Dei fyrste 30 sidene handlar om livet hennar, - barndom, oppvekst, ungdom og ikkje minst frå ferietida på Myklebust i Uskedalen. I resten av boka finn vi bilete og dikt frå den rike produksjonen. Her er mellom anna akvarellar, trykk, skulpturar - alt kombinert med egne dikt.

Kunstboka Skaperglede og medisin vil vera ei fin julegåve for mange i Kvinnherad. Boka vert ved eit seinare høve seld i Uskedalen, men dersom du alt no vil tinga boka, kan du senda ei melding til [kristian.bringedal@gmail.com](mailto:kristian.bringedal@gmail.com) eller mobil 915 31 487. Prisen er kr. 350,-

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Biletveven Jeg er verdens lys frå 2006, utsmykking i badehuset ved Uskedal kyrkje.